

Hornindal og Markane skyttarlag

Referat frå årsmøte 24. oktober 2019 Miniaturbana kl. 18.30

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

2. Val av ordstyrar.

Paul Hatledal vart vald til ordstyrar

3. Val av referent.

Thore Heggen vart vald til referent

4. Val av to til å skrive under møteboka.

Gisle Bøe og Knut Lillestøl vart valde

5. Årsmelding.

Årsmeldinga vart gjennomgått av møteleiar og godkjend med enkelte kommentarar. Det skal takast med i årsmeldinga at Knut Lillestøl vart norgesmester i skogsløp på LS.

6. Rekneskap.

Rekneskapen vart gjennomgått og godkjend med nokre kommentarar. Honnør til kasserar for svært godt arbeid!

7. Olsokstemnet:

7.1 Endra arrangementsdagar.

Det er stilt spørsmål ved behovet for skyting søndagen på Olsokstemnet. Det har vore svært dårlig deltaking søndagen siste åra og det gir lite mening å stå med full arrangementsstab når talet skyttarar er så lågt som no. Sunnylven har same problemet for stemnet i Hyttehol og ønskjer etter det ein forstår også å ta vekk søndagen. Det var semje om at ein vil søkje å leggje til rette for god kapasitet slik at alle skal få høve til å skyte onsdag – laurdag og at søndagen utgår om ikkje Sunnylven framleis vil ha skyting denne dagen.

8. Ny avtale Hornindal Rekneskapslag

Etter at kasserar no har sett seg nøydd til å seie frå seg vervet, er det oppretta kontakt med Hornindal Rekneskapslag med sikte på å få eit tilsvarande opplegg som vi har hatt. Det er ikkje skrive avtale om dette enno, men ein legg til grunn at dette er beste måten å få handtert rekneskapen på framover med dei erfaringar vi har gjort med TripleTex-systemet som Ronny har nytta. Kostnaden vil venteleg bli om lag den same som før – det vil kome til mva, men delar av denne vil ein få refundert. Styret får fullmakt til å inngå avtale med Hornindal Rekneskapslag om dette.

9. Lagshuset på Sindre

Det vart orientert om tilbodet som er innhenta frå Hjelle Snikkarverkstad om nytt kjøken på Sindre. Det må settast inn ny trykktank og kjøpast skikkelig oppvaskmaskin m.v. Det er sett av kr 150.000,- i budsjettet til dette og ein reknar med å kome greitt i mål med det. Det vart også lufta tankar om å gjere meir med huset, men det blir ikkje gjort noko med dette i denne omgang. Kjøkenet blir levert rundt påsketider.

10. Medlemskontingent.

Vedtak: Uendra For 2020 vert medlemskontingenenten slik:

Enkeltmedlemskap vaksne: kr 400,-

Enkeltmedlemskap barn/ungdom til og med det året dei fyller 16: kr 100,-

Støttemedlem: kr 100,-

Familiemedlemskap: Hovudmedlem kr 400,- andre i familien kr 100,- Minimum eitt familiemedlem må vere under 16 år.

Vedtaket var samrøystes.

11. Subsidiar til medlemmane.

Vedtak: Uendra For 2020 vert subsidiar til medlemmane slik:

Kr 1,50 pr heilmantel skot og kuler til medlemmer som skyt minst 4 DFS - konkurransar bane og felt utandørs.

Dekka førehandspåmelding til Landsskyttarstemne. (Må skyte)

Cal. 22 til rekrutt og junior. Alle medlemmer betaler ei eingongsavgift på kr. 400,- pr. år, og får då nytte SK-ammunisjon til alle treningar og konkurransar.

Alle som deltek på Norgescup: kr 500,- til Norgescup helgar. Unnateke NC i eige samlag og nabosamlag.

Vedtaket var samrøystes.

12. Avgift jaktskyting

Vedtak: Dei som ikkje er medlemmer i Hornindal og Markane skyttarlag betaler ei eingongsavgift på kr 700,- som dekkjer treningskot og jaktprøve. Dei som nyttar våpen betaler kr. 200,- pr. våpen for nr. 2, 3, osv. "Drop in" treningskøyting kostar kr 200,- pr. kveld. Dei som deltek på jegercupen betalar eit innskot på kr 200,-.

Vedtaket var samrøystes.

13. Godtgjersle til leiar og kasserar.

Leiar og kasserar har kvar hatt godtgjersle med kr 5.000,- i året og dette vart godkjent samrøystes.

14. Budsjett.

Framleggget til budsjett for komande år vart gjennomgått og kommentert. Det er budsjettet med ei omsetning på om lag kr 367.000,- og sett av kr 150.000,- til kjøkenet på Sindre. Dersom kostnaden til kjøkenet skal utgiftsførast og ikkje aktiverast, vil dette gje eit negativt resultat på kr 130.000,-, men innrettinga av dette må vurderast av rekneskapsførar.

Vedtak: Budsjettet for skyttarlaget vart godkjend samrøystes med dei merknadane som framgår.

15. Val.

Av det sitjande styre var Paul Andreas Hatledal, Thore Heggen, Ronny Heggen og Ann-Therese Gausemel på val som styremedlemmer.

Styret ser slik ut:

Paul Andreas Hatledal, formann	på val	Attval	på val 2020
Rudi Lødemel	Ikkje på val		på val 2020
Thore Heggen	på val	Attval	på val 2021
Gunn Skrede	ny		på val 2021
Ann Therese Gausemel	på val	Attval	på val 2021
Rasmus Sætren, kasserar	ny		på val 2021

Vara til styret: Inger Marie Svingeset og Elling Sindre

Alle val var samrøystes.

Val av nemnder og utval i Hornindal og Markane skyttarlag på årsmøtet 2019.

Ungdomsutval: Ann Therese Gausemel leiar
Knut Lillestøl

Tilsyn skiveelektronikk

Sindre og Miniatyrbane: Arild Seljeseth leiar
XXXXXX

Ansvarleg stemner: XXXXXX leiar

Data/heimeside: Kåre Gloppestad
Elling Sindre

Ansv. miniatyrbane: Arild Seljeseth

Ansv. Sindre: Jørn Svingeset leiar
Gunnar Øen

Ansv. jegeraktivitet: Sivert Sølvberg (ansvarleg plenarbeidar)
Steinar Lunde
Bjørnar Taraldset

Bingonemnd: Gisle Bøe
Per Øen leiar

Gunnar Øen
Pål Heggen
Rudi Lødemel

Skifeltutval: Idar Nygård leiar

Valnemnd for 2020: Ikkje valt

Revisorar: Per Myrhauge
Roger Lillestøl

Val av utsendingar til ombodsmøte: Styret får fullmakt til å velje utsendingar.

Thore Heggen, referent

.....
Gisle Bøe

.....
Knut Lillestøl